



Ålfotbreen verneområdestyre

Postadresse
Ålfotbreen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138
sfvlpost@statsforvalteren.no
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Ålfotbreen

Rådgjevande utval for
Ålfotbreen landskapsvernområde

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/11038-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 30.09.2024

Ålfotbreen landskapsvernområde - Referat etter møte i Rådgjevande utval 2024

Torsdag 26.september kl 17.30 til 19.00 – Bremanger Fjordhotell, Svelgen

Desse møtte:

Leidulv Solvang – grunneigar Kinn
Dag Eliassen – Flora turlag
Alf Håøy – Sogn og Fjordane Energi
Svenn Petter Kjerpeset – Keipen turlag
Jacob Nødseth – verneområdestyret
Henny Hansen – verneområdestyret
Åsmund Berthelsen – verneområdestyret
Rune Holen – naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

Saker:

1. Velkommen og opning

Styreleiar Jacob opna møtet og ønske velkommen

2. Orientering om saker og forvaltning

Jacob og Alf Erik gjekk gjennom styret og forvaltninga sitt arbeid og saker til no i 2024. Sjå vedlagt presentasjon frå møtet.

Korte spørsmål vart svara ut undervegs.

3. Orientering om eventuell nasjonalparkstatus

Alf Erik gjekk gjennom prosessen og kva status er per no. Status er at Kinn og Gloppen kommunar har sagt ja til utgreiing av eventuell nasjonalpark. Spørsmålet er ikkje endeleg handsama i Bremanger enno.

Det er mange som stiller spørsmål om kva ein eventuell nasjonalparkstatus vil bety for grunneigarar og for ulike interesser. Det formelle svaret på det er at det kan ein ikkje vite på det noverande tidspunktet, sidan denne typen spørsmål skal handsamast i utgreiinga. Dersom det vert utgreiing, so skal det vere medverknad frå ulike referansegrupper som skal kome med sine innspel og råd i prosessen. Ein kan derfor ikkje vite sikkert før forslag om nye grenser og ny verneforskrift med vernereglar ligg på bordet.



Ein kan likevel spekulere litt og seie noko om kva som er mest truleg. Det kan de lese meir om i presentasjonen frå møtet. Det står og noko om det i eit grunnlagsdokument som Statsforvaltaren har sendt til Bremanger kommune. Dokumentet ligg og vedlagt. Ein del er utolmodige og vil ha fortgang i prosessen. Det er forståeleg, men ein må og ha respekt for krava til slike prosessar og rettane til dei som vert involvert.

4. Orientering om tiltak i 2024

Alf Erik gjekk gjennom tiltaka som er gjort i 2024 og dei planane om tiltak som er lagt vidare utover hausten.
Sjå detaljar i presentasjonen.

5. Aktuelle tiltak i 2025

Alf Erik orienterte om tiltaksmidlar og om kva type tiltak som er aktuelle for midlar. Han orienterte og om kva informasjon som bør vere med dersom ein skal sende inn innspel/ønske om tiltak. Sjå presentasjon for detaljar.

Innspel frå Flora turlag:

- Det er ønske om å merke/remerke turen frå Grøndalen til brekulen på sjølve Ålfotbreen. Den kortaste vegen til breen går opp her.
- Det er truleg behov for remerking av ruta frå Lavesteinen til Gjegnabu. Her er det vanskeleg å få vardar til å stå grunna snømengde og snøpress, og dei vil derfor sjå på alternative løysingar på enkelte stader.

Frist for å sende inn innspel til tiltak i 2025 er 20.nov.

6. Innspel frå utvalet

Det vart ytra ønskje frå grunneigarrepresentant i Kinn om at eit eventuelt nasjonalparksenter for Ålfotbreen skal leggast til Grøndalen.

7. Eventuelt

Ingen saker

*Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar*

Dokumentet er elektronisk godkjent